



Vår ref.: 2021/9-70

Dato: 10.05.2021

Til: «Mottakernavn»

Frå: Hans Inge Myrvold

## Notat gjeld: Referat og oppfølging frå avklaringsmøte mellom politiske representanter og referansegruppa for reguleringsplan Børnes næringsområde

Dette dokumentet er å rekna som avklaringsmøte mellom politiske representantar og referansegruppa for reguleringsplan Børnes næringsområde.

Kommunestyret fatta fylgjande vedtak i sitt møte 25. mars 2021:

*Kvinnherad kommunestyre ønskjer snarleg vedtak av reguleringsplan for Børnes næringsområde. Utfordringane i vestre og austre del av planområdet er av ulik art og treng ulik omarbeiding fram til vedtak.*

*Heile planforslaget vert sendt attende til administrasjonen for vidare arbeid slik:*

- 1. Kvinnherad kommune gjennomfører avklaringsmøter med referansegruppa for reguleringsplan Børnes industriområde.  
Kommunestyret vel ordfører, Leif Ove Mikkelsen, Signe Torill Skogseth og Ove Lemicka som politiske representantar til møta.*
- 2. Avklaringsmøta skal mellom anna danne grunnlag for vidare arbeid med planen, og om det er grunnlag for endringar i planforslaget.*
- 3. Kommunedirektør legg fram sak til formannskapet for førehaving, der avklaringsmøta og moglege endringar i planforslaget vert presentert.*
- 4. For å styrke politisk forankring og gi betre rom for politisk påverknad i planprosessar skal det oppnemnast representantar til å delta i dialogmøte og meklingsmøter med andre myndigheiter. Det bør og vurderast saksordførar i tyngre plansaker.  
Kommunestyret ber kommunedirektør utgreia, og kome attende med sak på ei framtidig organisering av dette.*

Dei politisk valte representantane hadde oppstartsmøte 21. april, der ein analyserte og vurderte ulike tilhøve ved planforslaget som ein ynskje belysa. Fylgjande moment blei trekt fram som avgjerande for det vidare arbeidet:

- Vegbreidde og vegløysering
  - Redusere vegbreidde
  - Redusere G/S til fortauløysing
  - Vegparsell til BN11 – omlegging til parsell nedanfor dagens bustader

- Grøntområde G3
  - Omgjering til næringsareal
- Byggegrenser
  - Avklare om mogleg redusjon i generell byggegrense (4m)
- Vasskapasitet
  - Synleggjere mogleg sløkkjevavn frå sjø. Skape betre forståing mellom nyetablering og vasskapasitet i området.
- Utnyttingsgrad og byggehøgde
  - Auke byggehøgde (26m) innafør BN9 for å imøtekome behov
  - Auke i utnyttingsgrad? 70%
- Form og innhald
  - Føresegner og rekkefølgekrav bør gjerast «enklare» og meir forstålege. Vanskeleg å bli «klok» på ein stor del av formuleringar.

Desse momenta danna grunnlag for møte med referansegruppa for reguleringsplan Børnes næringsområde. Fylgjande deltakarar var tilstades:

*Politisk valte representantar:*

*Ordførar Hans Inge Myrvold, Leif Ove Mikkelsen, Signe Torill Skogseth og Ove Lemicka.*

*Frå referansegruppa for reguleringsplan Børnes næringsområde:*

*Marit Hjørnevang, Christian Tveiten og Svein Arne Eidsvik (alle grunneigarar i næringsområdet).*

Referansegruppa var nøgd med at ein brukte ekstra tid for å avklare detaljer i planforslaget, som skal omsettast til ein aktiv arealutnytting og tilrettelegging av området.

I avklaringsmøte trekker referansegruppa særleg fram fylgjande forhold:

- Grøntområde (G3), som vil skape store hinder for utviding for eksisterande og ny næringsverksemd.
  - Rekkefølgekrav og føresegner. Kommunen si rolle er mykje avklara, med omsyn til infrastruktur.
  - Arealutnytting som sikrar dagens tomte- og grunneigarar gode moglegheiter og føresetnader for ramme- og byggjeløyve. I dette ligg særleg omsynet til byggegrenser og etablering av infrastruktur som veg/fortau.
  - Form og innhald på plandokument. Må være ein offensiv undertone.
- «Børnes – eit hav av moglegheiter!»**

Ein ser at det er mange felles nemnarar mellom avklaringspunkta frå politisk valte representantar og referansegruppa. Oppsummert vil ein difor koma med fylgjande oppmoding for det vidare arbeidet:

- Arealutnytting mot sjø/sjølinje må ikkje endrast. Eventuell annan utnytting må kome gjennom arbeid med KPA.
- «Hovudveg» SKV1 frå Fv. 500 og til kaianlegg nord SK1 bør ikkje endrast vesentleg. Dette for å sikra god og trygg ferdsel inn/ut av området.
- Andre parseller bør vurderast redusert i omfang, gjennom til dømes å fjerne fortauløysing.
- Vegparsell vest for BN10/11 bør, om mogleg, leggest til SF8 og inn på 134/1.
- Grøntareal G3 må definerast som næringsareal, i tråd med gjeldande KPA.
- Kommunen sine forplikingar innan infrastruktur må koma tydeleg fram. Særleg omfanget knytt til avkøyrsløse frå Fv500 og SKV2.
- Føresegner og rekkefølgekrav må spissast og formulerast med eit tydelegare snitt.
- Det må ikkje leggest til rette for permanent steinknusing i området. Ein bør vurdere ta ut innhald i planen som er regulert gjennom andre lover/føresegner. Overskotmassar som må

ut av området, må ikkje ha føringar til sjøtransport. Det er kun massar for bruk til opparbeiding av tomter og kaiareal som kan knusast på gitte områder.

- Planen må eit meir offensivt uttrykk verbalt. «Børnes – eit hav av moglegheiter!».
- Utbytingsgrad og byggehøgde i BN9, må avklarast i høve konkret prosjektert nybygg for Eidsvik & Selstad Eigedom AS.
- Området «Mørkevågen» må takast inn, slik at ein sikrar ein heilskapleg handsaming av planen frametter.

Rosendal 10.05.2021

Hans Inge Myrvold  
Ordfører